



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2010/643	Løpenr. 4189/2010	Klassering G00
Sakshandsamar:	Ottar Grimstad, Område for helse	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	LEVEKÅRSUTVALET	08.06.2010
	FORMANNSKAPET	10.06.2010

REFUSJON AV UTGIFTER TIL HELSEHJELP I ANDRE EØS-LAND - HØYRING */ 2010/643*

Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommune aksepterer ikkje at kommunane skal få betalingsansvar for helsetenester innbyggjarane får i andre EØS-land.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Uprenta saksvedlegg: Forslag til forskrift om ny ordning for refusjon av pasienters utgifter til helsehjelp (ikke-sykehusbehandling) i andre EØS-land.

Saksopplysningar:

Det er eit prinsipp i lovverket omkring kommunehelsetenester at det ikkje er betalingsplikt mellom kommunar. Dersom innbyggjarar reiser til nabokommunen for å få fysioterapi eller legehjelp, utløyser det ikkje rekningar mellom kommunane.

No foreslår departementet at dette prinsippet ikkje skal gjelde dersom innbyggjarane reiser til utlandet – andre EØS-land – for å få denne helsehjelpa. Dei skal da kunne presentere rekninga for denne behandlinga for HELFO som vurderer kravet og betaler ut. HELFO skal så sende rekninga vidare til kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Dette er eit brot på dei betalingsprinsippa som elles gjeld for betaling for helsetenester utafør eiga kommune. Det er også uakseptabelt at ein statleg instans skal vurdere rettmessigheita av krava for så berre å sende rekninga vidare til kommunane utan at kommunen har noko innflytelse i saka. Refusjon for slik behandling bør fullt ut vere eit statleg ansvar og ligge hos Helfo.

Hareid, [10.05.2010](#)

Arne Gunnar Aschehoug
rådmann

Ottar Grimstad
områdeleiar helse